

Kompetansemål Øyrane:

BYGG OG ANLEGGSTEKNIKK 29 elever

Eleven skal:

- kunne bearbeide og prøve ut materialer og bruke verktøy og maskiner
- ha kjennskap til HMS innan bygg og anleggsteknikk
- kunne gjere ei skisse av eige arbeid
- få noko kjennskap til dei ulike bransjane

Frammøte på Øyrane vidaregåande skule kl. 08.20

Påkledning: Kjeledress og vernesko (til låns på Øyrane vgs)

ELEKTROFAG 27 elever

Eleven skal

- planlegge, montere og setje i drift enkel lysstyring
- prøve seg på enkel feilsøking
- måle elektriske storleikar
- montere enkel elektronisk krets og utføre kontroll

Frammøte på Øyrane vidaregåande skule kl 08.20

Påkledning: Vanlege arbeidsklede

HELSE OG OPPVEKSTFAG 39 elever

Eleven skal:

- drøfte og gi døme på kva den enkelte og samfunnet kan gjere for å betre eiga helse og folkehelsa, både psykisk og fysisk
- setje saman enkle måltid og vurdere energi-og næringsinnhald i tråd med tilrådingar om eit sunt kosthald frå helsestyresmaktene
- utføre grunnleggjande førstehjelp
- Planlegge og utføre enkle aktivitetar for barn og unge innanfor kultur*

Frammøte på Øyrane vidaregåande skule, kl. 08.20

Påkledning: Innesko (kloggar eller sko med lys sole)

RESTAURANT OG MATFAG 12 elever

Eleven skal:

- lage til enkle produkt og måltid
- kunne praktisere god produksjonshygiene, godt reinhald og personleg hygiene
- få kjennskap til bransjane innanfor restaurant og matfaga

Frammøte på Øyrane vidaregåande skule kl. 08.20

Påkledning: Forklede og kloggar eller sko med lys sole

SAL, SERVICE OG REISELIV 12 elever

Vi tar utgangspunkt i sentrale læreplanmål frå vg1 Service og samferdsel, vg2 Reiseliv, vg2 Sal, service og tryggleik og **vg2 transport og logistikk**

Eleven skal:

få kjennskap til logistikk-/administrasjons-funksjonar i ei bedrift

- få kjennskap til moglegheitene i yrkessjåførfaget
- få møte bransjerepresentant
- kunne setje opp reiseplan for ein tenkt kunde

Etablering av bedrift

Ved denne studieretninga er bedriftsetablering sentralt. Både på vg1 og vg2 vil elevane arbeide med dette emnet anten dei vel salsfaget eller reiselivsfaget.

Korleis kan ei bedrift arbeide med verkemidla *pris, produkt, plass, personale og påverknad*?

- Produkt – produktet ein skal selje. Her er det viktig å utvikle gode produkt og ha god verekunnskap
- Pris – korleis går vi fram for å finne prisen på produktet?
- Plass – kva salskanalar skal ein satse på? Butikk, netthandel etc.
- Personale – korleis kan medarbeidarane gå fram for å få selt mest mogleg?
- Påverknad – marknadsføring av produkta er viktig. Logo, plakatar, reklame etc

Vi legg opp til stor eigenaktivitet for elevane. Elevane vil få presentert eitt eller fleire produkt som dei skal planlegge sal av. Produkta vil bli presenterte når elevane kjem til skulen. Her skal dei bruke verkemidla ovanfor til å planlegge marknadsføring og sal av produkta.

Frammøte: Øyrane vidaregåande skule kl. 08.20

TEKNIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON 21 elever

Eleven skal:

- Få innføring i montering og maskinering på Maskinverkstaden – D110
- Få innføring i samanføyning på Sveiseverkstaden - D115
- Få innføring i Teknisk teikning ved hjelp av data (Inventor) – D109
- Få innføring i styringsteknikk (Pneumatikk) – D132A
- Få innføring i området Transport og logistikk – Simulator
- Få yrkesorientering om dei mest aktuelle faga og utdanningsvegane som byggjer på Vg1 Teknikk og industriell produksjon.

Frammøte: Øyrane vidaregåande skule, kl. 08.20

Påkledning: Kjeledress, vernesko, hanskar og vernebriller (utlån frå Øyrane)